



Magne Hope
Litlåsvegen 165
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1413 - 18/16760

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.05.2018

Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 108/525 Lindås

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 108/525
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.05.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Nabovarsel

Søknaden er levert inn før nabofristen er ute og det må difor gjerast greie for om det ligg føre merknader til søknaden.

Eigar av gbnr 108/503 Solveig Tykhelle er varsla via e-post send til Norvald Tykhelle. Kommunen vurderer at tiltaket ikkje er dokumentert tilstrekkeleg varsla. Det må sendast inn fullmakt som viser at Norvald Tykhelle handlar på vegne av eigar av gbnr 108/503 eventuelt må eigar av gbnr 108/503 varslast på nytt ved utsending av rekommandert sending eller ved underskrift på nabovarselskjema.


Planstatus

Omsøkte tomt ligg innanfor to ulike reguleringsplanar. Dette er reguleringsplanen for bustadfelt Lindås Prestegard del av gnr 108 bnr 1 der arealet er avsett til byggeområde for bustadar med tilhøyrande anlegg og reguleringsplanen Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad der arealet er avsett til byggeområde for offentlege bygg .


Kommunen kan godkjenne søknaden dersom tomte sin storleik vert redusert i samsvar med reguleringsplanen for Lindås Prestegard. For å dela frå heile det omsøkte arealet må det søkjast om endring av reguleringsplanen.



Utsnitt frå reguleringsplanen
Lindås Prestegard



Utsnitt frå reguleringsplanen Riksveg 568



Omsøkt tomt



Veg

Eigedomen får tilkomst til offentlig veg via veg som i dag er privat. Den nye parsellen må sikrast vegrett over privat veg før søknaden kan handsamast. Det er tilstrekkeleg å dokumentera dette ved inngått avtale.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Magne Hope

Litlåsvegen 165 5953

FONNES